

Festidalen ein saga blott?

19.01.2011



Sveinung M. Pile - den siste Festidalen-sjef?

Var Festidalen 2009 den siste? Slik situasjonen er no tyder mykje på det Festivalsjef Sveinung M. Pile opplyser til uskedalen.no at det heller ikkje i år blir nokon Festidalen. Framtida fortøner seg dermed som svært usikker for dette spennande og nyskapande arrangementet i Uskedalen.

- Av festivalstaben er berre 3 att og vi er alle sterkt opptekne med andre gjeremål, seier Pile.

Dei 3 har heller ikkje makta å rekruttera inn nye krefter som kan ta eit løft for ein festival dette året sjølv om dei meiner å ha gjort det dei kan.

Heller ikkje har dei 3 slik situasjonen er sett nokon hensikt i å halda eit møte for om mogeleg å starta førebuing av ein ny festival.

- Kvifor ikkje satsa på ein enklare versjon av festivalen?
- Vi som er att har rett og slett ikkje tid og krefter til å satsa på ein slik utgåve heller, svarar Pile.

Han beklager sterkt at det har gått slik med Festidalen og håpar at nokon ein gong i framtida vil ha tid og kapasitet til å gje festivalen nytt liv .Dei som til slutt var att av den opphævelege leiinga var Pile, Daidalos Dahle og Eirik Sævareid.

Festidalen er avvikla 6 gonger sidan 2003. Det var også ein pause i 2008. Toppen med omsyn til oppslutnad vart nådd i 2009 med eit publikum på 3.200, ein omsetnad på 1,5 millionar og 140.000 i overskot.

Leiinga har vore forundra over at kommunen og næringslivet, med nokre få heiderlege unnatak, har vore lunkne med omsyn til bidrag. Til dømes fekk dei i 2009 minst kommunestøtte av dei 8 festivalane i kommunen med unnatak av Fjellstreif.

Så er spørsmålet som nokon stiller seg: Er det lag, organisasjonar eller enkeltpersonar i eller utanfor Uskedalen som kan ta over Festidalen?

Av Ola Matti Mathisen